

LLA og Rune Hetlands manus i kulturkomiteens høyring i Stortinget 19. oktober 2015.

"Takk for at me får møte dåke og snakka om dei viktigaste avisene i verda; lokalavisene landet rundt.

Landslaget for lokalaviser, eller LLA som me seier i kvardagen, er interesseorganisasjonen for om lag 110 lokalaviser, stort sett fådagarsaviser frå Svalbard i nord til Søgne i sør. Me har også med oss nokre lokale dagsaviser, nasjonale vekeaviser og samiske Sagat.

LLA arbeider med rammevilkår; presspolitikk som spørsmålet om moms, produksjonstilskott og porto. Men vi legg også mykje arbeid ned i å hjelpe lokalavisene der dei ønskjer og treng råd og hjelp. Ein stadig meir krevjande annonsemarknad er eit anna viktig område.

Ikkje minst satsar vi stort på kompetanseheving i lokalavisene og er stolt over å ha årleg over 400 lokalavismedarbeidarar på skreddarsydde avisfaglige kurs. Det er gjort mulig av støtte gjennom etterutdanningsmidlar på statsbudsjettet. Det handlar om kompetanse til å utføre samfunnsoppdraget så godt som mulig.

Me er også stolte over å heile tida ha prosjekt for å utvikle lokalavisjournalistikken, som Ung & engasjert, nå sist levande lokalsamfunn gjennom demokratistyrkande journalistikk, på fagspråket Public Journalism. Nå har me nettopp starta eit arbeid for å lage betre journalistikk for og om frivilligheten, først og fremst lag og organisasjonar. Her er og Stiftelsen Fritt Ord med og gir LLA støtte.

Dei mange små lokalavisene er til saman store. Fådagarsavisen har nær 600.000 i opplag, og om lag to millionar nordmenn les kvar utgåve av ei fådagarsavis på papir. I tillegg kjem det digitale sterke og sterke.

Lokalavisene er sjølv grunnfjellet i lokaldemokratiet og trenger alle journalistiske ressursar for å kunne løyse dette enorme samfunnsansvaret.

Lokalavisene har tradisjonelt vore langt framme i teknisk utvikling, det har dei mått for å kunne klare seg med små ressursar. Mange av dei er og langt framme i den digitale utviklinga. Lokalavisene gir aldri opp, sjølv om det digitale har trekk av at The Winner takes it all.

LLA har søkt, og fekk tidlegare positive signal som gav oss forventningar om å få innovasjonsstøtte, for å kunna hjelpe spesielt dei små uavhengige lokalavisene. Lokalavisfloraen i Norge er på papir internasjonalt sett ein suksess. Vi har knekt koden...

Vi trur og at lokalavisene i Norge kan bli best verda digitalt, men her treng vi verkeleg hjelp til å knekka koden. Den enkelte lokalavis klarer ikkje det åleine, og LLA har heller ikkje ressursar utan hjelp. Me håpar de finn midlar til dette.

Framtida handlar ikkje berre om omstilling til det digitale. Det kan hende at det i kjent framtid vil være slik at leserar vil ha forskjellig innhald på papir og digitalt. Uansett så er det innbyggaren/lesaren som bestemmer. Det er derfor det er så viktig at politikken set lesaren i førarsetet; det vil seie samme fritak frå avgift på samfunnsinnhald for kjøparen, uansett kor dei vil lese.

LLA har som de veit stått fjellstøtt på dette prinsippet og det er svært gledeleg og viktig at plattformnøytralt momsfritak nå er i ferd med å bli ein realitet. Det er grunn til å gje ros til regjeringa både for engasjement, tydeleg målretta arbeid og for å nå signalisere at ein er i ferd med å lukkast med å få til momsfritaket. Men det er som i ein fotballkamp; sigeren er ikkje klar før sluttsgnalet er gått, og det ventar me på spenning.

Mykje blir sagt om produksjonstilskottet. Men ein ting er sikkert, dette har vore ein suksesshistorie, spesielt når det gjeld lokalavisene.

Frå vekevisene fekk produksjonstilskott i 1990, er det starta over 100 lokalaviser her i landet, og dei fleste har klart seg, og utvikla seg til viktige aviser i sine lokalsamfunn. Kvar lokalavis får ikkje så mange hundre tusen kroner i støtte, men dette er et såkorn som utløyser mykje.

Men det er på tide å innføre eit golv (minstetilskott) i produksjonstilskottet til lokalavisene. I det heile blir det med digitaliseringa vanskeleg å definere kva som er ei avisutgåve og dette med tal utgåver. Med golv vil ein kunne løfte støtta til dei som treng det mest og kanskje få ei litt meir rettferdig fordeling enn i dag.

Produksjonstilskottet er viktigare enn nokon gong for å hindra kutt i journalistikken. Nominell stillstand i tre år er i realiteten eit vesentleg kutt. 10 prosent auke vil gje oss tilbake 2013-nivå.

Mediepolitikken handlar om mykje meir enn pengar. Det handlar om kva verdiar samfunnet vårt skal bygge på. Reell ytringsfridom er demokratiets lunge, og treng verkelig luft i ei tid der mediene har andenød, og journalistikken blør under sparepisken.

Lukke til med det utruleg viktige arbeidet de gjer for landet."